
Saksnr: 2020/44284-12
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 2**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 11.11.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Prioritering av aktuelle prosjekt, står sentralt i dette møtet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko- og vesentlegvurderingar Vestland fylkeskommune 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 04/20 i møte 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggast fram for fylkestinget 29.09.2020.*

Prosessmøte 1 vart gjennomført i sak PS 70/20 i samband med møte i kontrollutvalet 15.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Som det går fram av punkt 4 i vedtaket over var det tanken at denne saka skulle vore lagt fram for fylkestinget i møte 29.09.2020, men på grunn av covid-19 pandemien er den vorte forseinka slik at den ikkje kan handsamast i fylkestinget før i desember 2020.

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og»

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til denne saka. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for eigarskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i møte i kontrollutvalet 25.11.2020.